

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke:

Telemark

Tilleggsspørsmålnr.

36. Helsing,

Herad:

Kviteseid

Emne:

fakker og atferd

Bygdelag:

Oppskr. av:

J. Heggveit

Gard:

(adresse):

Meas

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Måter a seise folk på.

A. Ved forskjellingens anledninger.

Var det nokon av grannarne som fann ut at naboen var lat og utførte ikkje arbeide som han skulde var han utsett for dura kritikk.

Dei kunde då seija „Han er ein fal til dovabrand.“

1.

Ingen hugsar at det var oppsett nokon figurar ved skur, eller ana ved slått.

2. - 3.

Det var gjort mange slag spillop-  
makeri ved julehøgtid, men men  
mindre ved dei andre høgtiderne.

Det var sett opp store tunge kubbar  
mot dyrnane so når den som  
kom fyrst og lette opp um morgon  
fekk kubben og dyrni mot seg.

Dette var ved juletid. Og då sleppte

2  
dei laus kröturi fyr jól, og sette  
andre dyr inn på fjøse av eigranan.  
Det høvde at det ikkje i alle tilfelle  
var på moro, men for å gjera fortre  
for ein kvar som dei ikkje var venner  
med. Dette med å skifte on dyr på  
fjøsi var kalla "moka".

3.  
Når nokon sette namn på folk  
som dei ikkje yngete seg, sa dei at  
han eller ho fekk "vennavn".

4.  
Folk var nøye med det før om nokon  
for rundt på høgtidsdagane, dei kalla  
dei for "snikjarar", ~~da~~ det var no ser-  
leg öl i jól dei var ute etter.

5.  
Tekk ingen noko nytt plagg eller  
ana bruksting joleftan sa dei "sita  
på vagen".

6.  
Andre ökenavn på folk som ikkje  
uppfylte tradisjonelt påbod er ikkje nevnt.